

LINK Arkitektur  
v/Andreas Neumann Meyer

**Sak 20/14757**

**KORRIGERING OG IMØTEGÅING av usannheiter i brev frå Link av 01.09.20:**  
**«Svar på innsigelser til nabovarsel - gbnr 99/4».**

Skrivet frå Link går i hovudsak ut på å prøve å svekke vår truverdigheit i saka, dette har ein gjort ved å plante direkte usannheiter. Dei aller verste finn vi under punkt 3, der omtrent *alt* er usant, og noko av det er svært grovt.

Punkt 3

1. «*I forkant av at tinglysningen ble gjennomført, ble hele vegen stukket ut etter instruks fra Henry Fanebust med Ove Frotvedt v/Fanagro og undertegnede til stede.* Dette er horribelt. Det er **direkte usant, og svært grovt**. Eg har aldri verken vore med på, eller instruert, noko utstikking i forkant saman med A.M. og O.F. Dette veit de begge to ikkje er sant (på tlf i ettertid har A.M. også erkjent at dette er feil). Ove Frotvedt har stukke veg **alleine** etter at avtalen var tinglyst. Ansvar for feil i stikking tilhører difor Ove Frotvedt og tiltakshavar. Å servere usanne påstandar som ovanfor er uhyre grovt.
2. Det er totalt feil når Link hevdar at det vert meir skyting med den tinglyste traseen. Det vert tilnærma **ingen** skyting, og **vesentleg mindre terrengrengjøring**. Faktum for tinglyst trase er at terrenget til tinglyst trase før bearbeiding har **ca nøyaktig identisk profil med den høgdeprofilen ferdig veg skal ha**.
3. Det er rett at 99/1 hadde dialogen med Kartverket, etter avtale med Judith og Alf Eikevik. Vegavtalen + kartvedlegget vart innsendt 04.03., tinglyst 18.03. Kurant og uproblematisk. Etter tinglyste papir er det **ingen tvil om kvar ny trase skal gå**.
4. Ny feil-info frå Link (harsellering med klagen vår): «Når den øvrige delen av klagen primært omhandler tiltakshaver og entreprenørers «lettsindige» omgang med sprengstoff, ....». Kva for noko??? Dette er fri dikting. «Lettsindig», og omgang med sprengstoff, eller sprengstoff i det heile, har aldri vore tema. Den som les klagen omgjen vil sjå at vi **aldri** har uttalt noko som helst i den retning. Det talar for seg om mangel på argument når ein heile tida må ty til usannheiter. Det vi har uttalt oss om/klaga på er Eikevik si totale utsletting av fleire mål vakkert, opprinnelig landskap/kulturlandskap, utan søknad eller nabovarsel. Under dekke av landbruksveg vert no heile kulturlandskapet både **i og rundt** tunet, over fleire mål, skote **fullstendig** vekk. Medan «landbruksveg» stadig, etter 4 veker med samanhengande boring og skyting, glimrar med sitt fråvær. I staden skyt det fram nye, store anleggsmråde internt i gamletunet - som *ingen* veit kva skal bli, og som ingen ting har med veg å gjøre.
5. Link skriv: «Vegen er godkjent slik den er prosjektert, basert på befaring med representanter for de involverte partene til stede». **Dette er grovt feil.**  
99/1 har **aldri** vore «til stede» på befaring. Vi visste ingen ting om denne ny-prosjekterte vegen før lenge etter at den var godkjent av Landbrukskontoret. Når vi 05.07. fekk ein e-post frå Eikeviks Svømmebassengservice AS(sjå vedlegg) om at no hadde Eikevik fått veg

godkjent, hadde vi ingen grunn til å tru at det var noko anna enn den tinglyste traseen som var godkjent, og at det var den godkjente traseen som seinare vart stukken av Fanagro. Først 5.august har vi blitt gjort kjent med innhaldet i den prosjekterte avtalen med Landbrukskontoret, etter at vi gjennom sommaren hadde etterlyst den fleire gonger. Først hjå Fanagro, som så viste oss vidare til Link.

## Punkt 2

A.M./Link skriv: «At terrenget er skutt ned 6 meter kan i beste fall beskrives som en overdrivelse, og er pr definisjon feil».

Det er **ikkje** tvil om at det er bora/skote på 6 meter. Vi har kunna avlese +6-talet som har angitt kor mange meter djupt det skulle borast/skytast, vi har i tillegg sjekka borehol med målband. Så at terrenget er skote ned 6 meter er det ingen tvil om. Det er ingen «betydelig overdrivelse», slik A.M. feilaktig påstår.

A.M./Link skriv: «Tiltakshaver har stått fritt til å starte opp arbeidene med landbruksvegen, uten å måtte nabovarsle og melde oppstart til Landbruks- og/eller Byggesaksavd...». Under påskudd av å arbeide med veg har Alf Eikevik med tung 20 tonns gravemaskin øydelagd eit stort område **også på 99/1**, ein stad der vegen **ikkje** skal gå. At Link kan påstå at landbrukskontoret kan gje Eikevik rett til dette utan å varsle 99/1, er feil. Link må vite at dette ikkje gjeld arbeid *på annan manns grunn*, Naboloven §6 gjeld også for oss.

Og det siste som er i ferd med å skje: at innmarka i gamletunet vert gravd ut og i staden fyllt opp opp og planert med stein – er dette også noko Eikevik står fritt til? Vi fortvilar, for innmarka/kulturlandskapet i gamletunet har fylket tidlegare sagt må tilbakeførast etter at husa er rivne.

---

Legg ved eit bilde, der det gule fargefeltet viser storleik på anleggsarbeid som til no er utført av Eikevik på 99/4. Med raudt er markert området Eikevik nyleg har tromla/rasert ulovleg på **vår** grunn (99/1).

Det *einaste* løyvet Eikevik har pr no er å lage ein landbruksveg, med *kun* dette løyvet i hand har han så langt utrydda ca. 6 mål av det kulturlandskapet han **forplikta seg til å ivareta** etter konsesjonen. Når det gjeld lovverk og forvaltning av kulturlandskap/konsesjon har denne saka gjort oss svært desillusjonerte.

Dersom 99/4 fritt kan få utslette 6 mål berande landskap tett opp til eit felles tidlegare klyngetun med felles kulturlandskap, og etterpå byggje opp nær sagt kva ein ønskjer på det nye anleggsområdet, så må ein jo gå ut frå at også andre kan gjere det same? For det er vel ikkje spesielle reglar for 99/4?

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Eit lite PS til slutt:

Vi har skjønt/blitt fortalt at representanter for Alver har gitt uttrykk for å vere lei våre brev, og at konsekvensen då skal vere at vi ikkje lenger blir tatt på alvor.

Det beklagar vi, og er kjempeli oss for dette. Vi ber likevel innstendig om at ev. antipati mot oss ikkje kjem i vegen for  
f  
a  
k  
t  
a